


Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

2008 1973 195

ASR/MA

EIE-2 410



GOL KOMMUNE

MELDING OM VEDTAK

Vår ref. 09/2572-5/VIRI Arkivkode V60 Dykkar ref. Dato 28.01.2010

FORSLAG TIL VERNEHEIMEL I JORDLOVEN - HØYRING

Utval for natur og næring behandla i møte 26.01.2010 sak 2/10. Det vart gjort slikt vedtak:

Utval for natur og næring i Gol kommune stiller seg bak høyringsuttala frå Ål kommune, og sender uttala til Landbruks- og matdepartementet.

Gol kommune er samd i at god og godt arrondert dyrka jord treng eit sterkt vern. Gol kommune er likevel usamd i at det skal opprettast ein direkte verneheimel i Jordlova slik som Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om i brev av 11.09.09.

Grunngjevinga er at me meiner staten har styring nok med bruk av dyrka jord gjennom kommune- og reguleringsplanar. Som kjent har statlege organ rett til å koma med "innsigelse" om planen går ut på å omdisponera dyrka eller dyrkbar jord. Departementet kan då vurdera dei ulike samfunnsmessige interessene opp mot kvarandre i kvar enkelt konkret sak.

Gjennom framlegget til vernereglar i jordlova vil me få eit svært stivbeint system, og der kommunestyra er sett heilt ut av spel og avgjerda vert teke på kontorhald hjå fylkesmannen.

Gol kommune meiner at staten bør stimulere til nydyrking. Berre ved å auke det dyrka arealet kan me oppretthalde dyrka areal rekna pr innbyggjar i takt med folkeauken i landet."

Med venleg helsing

Gol kommune

Tone Modalen
Tone Modalen

For

Viel Ribberud

sakshandsamar landbruk

Kopi til: Flå kommune, 3539 FLÅ
Hemsedal kommune, 3560 HEMSEDAL
Hol kommune, 3576 HOL
Nes kommune, 3540 NESBYEN
Ål kommune, 3570 ÅL

Adresse: Gamlevegen 4
Poststad: 3550 Gol
www.gol.kommune.no

Telefon: 32 02 90 00
Telefaks: 32 02 90 10
E-post: postmottak@gol.kommune.no

Bankgiro: 23240500051
Bankgiro skatt: 78550506172
Oro nr: 00964952612



HALLINGDAL